Høgskolen i Telemark

# KONTINUASJONSEKSAMEN

**2113 Norsk litteratur før 1900**
**31. 05. 2011**
**kl. 9.00 - 14.00**

| | |
|---|---|
| Tid: | 5 timar |
| Målform: | Nynorsk |
| Sidetal: | 9 sider inkl. framside og vedlegg |
| Hjelpemiddel: | Ingen |
| Vedlegg: | 7 sider |
| Merknader: | |

Eksamensresultata blir gjort kjent på Student-web.

Avdeling for allmennvitskaplege fag

Svar på *ei* av oppgåvene:

1) Skriv ein analyse av
   a) *anten* novella "Pälsen" av Hjalmar Söderberg
   b) *eller* diktet "Jeg ser" av Sigbjørn Obstfelder.

*eller*

2. Analyser "Songen om to elskande" frå *Strengleikar* med vekt på språklege verkemiddel, og vis likskapar og ulikskapar mellom den omsette og den norrøne litteraturen.

Vedlagde tekstar

"Pälsen", 3 sider
"Jeg ser", 1 side
"Songen om to elskande", 3 sider

Hjalmar Söderberg:

# Pälsen

(trykt første gong i Historietter 1898)

Det var en kall vinter det året. Människorna krympte ihop i kölden och blevo mindre, utom de som hade pälsverk.

Häradshövding Richardt hade en stor päls. Det hörde för övrigt nästan till hans ämbetsåligganden, ty han var verkställande direktör i ett alldeles nytt bolag. Hans gamle vän doktor Henck hade däremot icke någon päls: i stället hade han en vacker hustru och tre barn. Doktor Henck var mager och blek. Somliga människor bliva feta av att gifta sig, andra bli magra. Doktor Henck hade blivit mager; och så blev det julafton.

— Jag har haft ett dåligt år i år, sade doktor Henck till sig själv, när han vid tretiden på julaftonen, just i middagsskymningen var på väg upp till sin gamle vän John Richardt för att låna pengar. Jag har haft ett mycket dåligt år. Min hälsa är vacklande, för att icke säga förstörd. Mina patienter ha däremot kryat upp sig nästan hela sällskapet; jag ser så sällan till dem nu för tiden. Jag kommer förmodligen snart att dö. Det tror min hustru också, det har jag sett på henne. Det vore i så fall önskvärt, att det inträffade före utgången av januari månad, då den förbannade livförsäkringspremien skall betalas.

Då han hade hunnit till denna punkt i sin tankegång, befann han sig i hörnet av Regeringsgatan och Hamngatan. Då han skulle passera gatukorset för att sedan fortsätta nedåt Regeringsgatan, halkade han på ett glatt slädspår och föll omkull, och i detsamma kom en drosksläde körande i full fart. Kusken svor

och hästen vek instinktmässigt åt sidan, men doktor Henck fick likväl en knuff i axeln av den ena meden, och dessutom fattade en skruv eller spik eller något liknande tag i hans överrock och rev en stor lucka i den. Folket samlade sig omkring honom. En poliskonstapel hjälpte honom på benen, en ung flicka borstade av honom snön, en gammal fru gestikulerade kring hans trasiga rock på ett sätt som antydde att hon skulle ha velat laga den på stället om hon kunnat, en prins av det kungliga huset, som händelsevis gick förbi, tog upp hans mössa och satte den på huvudet på honom, och så var allting bra igen, utom rocken.

— Fy fan så du ser ut, Gustav, sade häradshövding Richardt, då Henck kom upp till honom på hans kontor.

— Ja, jag har blivit överkörd, sade Henck.

— Det är just likt dig, sade Richardt och skrattade godmodigt. Men inte kan du gå hem på det där sättet. Du kan gärna låna min päls, så skickar jag en pojke hem till mig efter min överrock.

— Tack, sade doktor Henck.

Och efter att ha lånat de hundra kronor han behövde, tillade han:

— Välkommen till middagen alltså.

Richardt var ungkarl och brukade tillbringa julaftonen hos Hencks.

*

På hemvägen var Henck i ett bättre lynne än han hade varit på länge.

— Det är för pälsens skull, sade han till sig själv. Om jag hade varit klok, skulle jag för längesen ha skaffat mig en päls på kredit. Den skulle ha stärkt mitt självförtroende och höjt mig i människornas aktning. Man kan inte betala så små honorar åt en doktor i päls som åt en doktor i vanlig överrock med



uppslitna knapphål. Det är tråkigt, att jag inte har kommit att tänka på det förut. Nu är det för sent.

Han gick ett slag genom Kungsträdgården. Det var redan mörkt, det hade börjat snöa på nytt, och de bekanta han mötte kände icke igen honom.

— Vem vet för övrigt, om det är för sent? fortsatte Henck för sig själv. Jag är inte gammal ännu, och jag kan ha misstagit mig i fråga om min hälsa. Jag är fattig som en liten räv i skogen; men det var också John Richardt för inte längesedan. Min hustru har varit kall och ovänlig mot mig på senare tider. Hon skulle säkert börja älska mig på nytt, om jag kunde förtjäna mera pengar och om jag vore klädd i päls. Det har förefallit mig, som om hon tyckte mera om John, sedan han skaffade sig päls, än hon gjorde förut. Hon var visst en smula förtjust i honom som ung flicka också; men han friade aldrig till henne, han sade tvärtom till henne och till alla människor, att han aldrig skulle våga gifta sig på mindre än tio tusen om året. Men jag vågade; och Ellen var en fattig flicka och ville gärna bli gift. Jag tror inte att hon var kär i mig på det sättet, att jag skulle ha kunnat förföra henne om jag hade velat. Men det ville jag ju inte heller; hur skulle jag ha kunnat drömma om en sådan kärlek? Det har jag inte gjort sedan jag var sexton år och för första gången såg Faust på operan, med Arnoldson. Men jag är likväl säker på att hon tyckte om mig den första tiden vi voro gifta; man misstar sig inte på sådant. Varför skulle hon inte kunna göra det än en gång? Under den första tiden efter vårt giftermål sade hon alltid elakheter åt John, så ofta de träffade varandra. Men så bildade han ett bolag och bjöd oss på teatern ibland och skaffade sig en päls. Och så tröttnade min hustru naturligtvis med tiden på att säga elakheter åt honom.

*

Henck hade ännu några ärenden att uträtta före middagen. Klockan var redan halv sex, då han kom hem fullastad med paket. Han kände sig mycket öm i vänstra skuldran; eljest var det ingenting som erinrade honom om hans missöde på förmiddagen, utom pälsen.

— Det skall bli roligt att se vilken min min hustru kommer att göra, när hon får se mig klädd i päls, sade doktor Henck till sig själv.

Tamburen var alldeles mörk; lampan var aldrig tänd annat än under mottagningstiden.

Nu hör jag henne i salongen, tänkte doktor Henck. Hon går så lätt som en liten fågel. Det är eget, att jag ännu blir varm om hjärtat var gång jag hör hennes steg i ett angränsande rum.

Doktor Henck fick rätt i sin förmodan, att hans hustru skulle ge honom ett älskvärdare mottagande, då han var klädd i päls, än hon eljest brukade göra. Hon smög sig tätt intill honom i tamburens mörkaste vrå, lindade armarna om hans hals och kysste honom varmt och innerligt. Därefter borrade hon huvudet i hans pälskrage och viskade:

— Gustav är inte hemma ännu.

— Jo, svarade doktor Henck med en något svävande röst, medan han med båda händerna smekte hennes hår, jo, han är hemma.

*

I doktor Hencks arbetsrum flammade en stor brasa. På bordet stod visky och vatten.

Häradshövding Richardt låg utsträckt i en stor skinnklädd länstol och rökte en cigarr. Doktor Henck satt hopsjunken i ett soffhörn. Dörren stod öppen till salen, där fru Henck och barnen höllo på att tända julgranen.



Middagen hade varit mycket tyst. Endast barnen hade kvittrat och pratat i munnen på varandra och varit glada.

— Du säger ingenting, gamle gosse, sade Richardt. Sitter du kanske och grubblar över din trasiga överrock?

— Nej, svarade Henck. Snarare över pälsen.

Det var tyst några minuter innan han fortsatte:

— Jag tänker också på någonting annat. Jag sitter och tänker på att detta är den sista jul vi fira tillsammans. Jag är läkare och vet att jag icke har många dagar kvar. Jag vet det nu med fullkomlig visshet. Jag vill därför tacka dig för all vänlighet du på sista tiden visat mig och min hustru.

— Å, du misstar dig, mumlade Richardt och såg bort.

— Nej, svarade Henck, jag misstar mig icke. Och jag vill också tacka dig för att du lånade mig din päls. Den har förskaffat mig de sista sekunder av lycka jag har känt i livet.

Från Hjalmar Söderbergs skrifter:
Förvillelser, Preludier, Historietter
Liber förlag 1977

*Sigbjørn Obstfelder*

# Jeg ser

Jeg ser på den hvide himmel,
jeg ser på de gråblå skyer,
jeg ser på den blodige sol.

Dette er altså verden.
Dette er altså klodernes hjem.

En regndråbe!

Jeg ser på de høie huse,
jeg ser på de tusende vinduer,
jeg ser på det fjerne kirketårn.

Dette er altså jorden.
Dette er altså menneskenes hjem.

De gråblå skyer samler sig. Solen blev borte.

Jeg ser på de velklædte herrer,
jeg ser på de smilende damer,
jeg ser på de ludende heste.

Hvor de gråblå skyer blir tunge.

Jeg ser, jeg ser …
Jeg er vist kommet på en feil klode!
Her er så underligt …

Trykt første gang i *Digte*, 1893.

# Songen om to elskande

1. Fordom gjekk det for seg ei hending i Normandie som sia spurdest vide, om to ungdomar som elska kvarandre mykje, så dei omsider båe enda livet sitt i elskhugs ofse. Om desse to unge gjorde bretar ein strengleik som dei kalla Songen om to elskande.

Sant er det at dette gjekk for seg i Neystric, som no heiter Normandie, der det er eit stort fjell som er unders høgt. Der kviler desse to unge oppe på fjellet. Men på hi sida av fjellet, svært nær det, let ein konge gjere ei stor borg med stor omsut. Han var då herre over det folket som heiter pistrar, og kongen let borga kalle Pistres, og såleis har ho jamleg vori kalla sia. Men bygda og alle hus er kjende, og heile det fylket heiter Pistradalen.

Den kongen som då budde der, hadde ei dotter, ei fager og høvisk møy, men ikkje hadde han fleire barn.

*Neystric:* I den franske teksta Neustrie.

*pistrar: folk (Þióð)* er her, noko uhøveleg, nytta om folket i og omkring den vesle byen Pistres, som no heiter Pître og ligg attmed Seine, eit stykke ovanfor Rouen.



Han heidra henne og elska henne over alt i verda. Mektige menn bela til henne og ville gjerne få henne, men far hennar ville slett ikkje gifte henne bort, for han kunne aldri vende augo bort frå henne. Ho var hjå han natt og dag for å hugge han og gle han, sia han miste dronninga si. Men mange let ille over at han heldt henne så kjær, så alle lasta og refste han.

Då han høyrde at dei tala om og klandra det, vart han vond og tok det svært ille opp. Derfor vart han hugsjuk og harmfull, og tok til å tenkje på korleis han skulle kome seg frå det, så ingen bela til dotter hans meir. Då let han gjere kunnig at kongen for visst har såleis sagt: Den som vinn bere dotter hans opp i fjellet i armane sine utan å kvile på vegen, han skal få henne.

Då denne tidenda frettest over heile landet, freista 2.
mange å bere henne, men dei vann det slett ikkje. Det var nokre som greidde bere henne til midt oppi fjellet, men ingen lenger. Derfor slutta dei med så gjort. Lenge stod det slik med kongsdottera at ingen ville bele til henne, for ingen vann gjere det som vilkåret var.

I det kongeriket var det ein ung mann, son til ein dyrverdig mann, fager og vel manna over alle andre. Han la det hardt på seg å vinne kongsdottera. Han var ofte lenge ved kongshirda og elska kongsdottera mykje, og ofte rødde han med henne, at ho skulle unne han elsken sin. Han var ein raust og riddarleg mann, og kongen rosa han mykje og heldt han svært kjær.

Dei to unge rødde ofte saman, og dei elska kvarandre trufast, men dei løynde det best dei kunne, så sløgt at ingen kunne skjøne elsken deira. Det pinte dei mykje at dei ikkje kunne møtast eller kome saman. Sveinen tenkte at det var betre for han å bie med bidlund enn å skunde på med fåmen ofse og med

*bidlund:* tålmod (til å bie).

fallande von miste mål og ventande voner. Han var mykje elskbunden til henne og ho til han.

Dernest bar det så til at sveinen kom til kjærasten sin, fager og vel manna, og klaga for henne kjærleikssuta si, og sa at ho skulle ikkje lenger møde han i kjærleiksband, og bad henne følgje seg bort og sa han kunne ikkje lenger bere denne suta. Men bad han om henne og bar dette fram for far hennar, då visste han at far hennar elska henne så mykje at han ikkje ville gifte henne med han, utan han greidde å bere henne i armane sine opp på fjellet.

Då sa møya: «Kjæraste,» sa ho, «eg veit så visst at du ikkje vinn bere meg, for så evlug og kraftig er du ikkje. Men følgjer eg med deg bort, då vil far min støtt leve i harm og hugsott, vreid og sutfull. Og Gud veit at eg elskar han så mykje, og så kjær er han meg, at aldri vil eg gjere han sorg. Du må ta eit anna råd, for dette hugar meg sanneleg ikkje. Eg har ei mektig frendkone med rike eigner i Salernaborg. Ho har vori der over femti vintrar, og ho er fullgod i allslags lækjekunst, og ho har lenge vørdsla den kunnskapen, ho skjønar seg på alle gras og røter. Vil du fare til henne og ta med eit brev frå meg og syne henne tilhøva dine, då kunne ho leggje råd og røkt og gje deg lækjegras og den drikken som kan gje deg stor kraft og styrke. Når du så kjem heim att til dette fylket, skal du be om meg hjå far min. Han kjem vel til å kalle deg barnsleg og seie deg vilkåra, men du skal samtykkje viljug, for på annan måte kan det ikkje vere.»

3. Då sveinen høyrde røda og rådet hennar, huggast han mykje og takka henne og tok ferdalov av kjærasten sin og fór til fylket sitt og budde seg skundsamt til ferda og fór til Salernaborg. Der kvilte han seg og tala med frendkona åt kjærasten sin og gav henne brevet ho sende henne. Då ho hadde sett gjennom

*Salernaborg* er Salerno i Italia.



brevet, sa ho at sveinen skulle dvelje med henne til ho hadde røynt all hans gjerd. Ho styrkte han med lækjerådene, og gav han slik ein drikk at han aldri vart mødd og mod når han smaka på den drikken. Då fekk han straks fullkomen styrke og heil makt og alt evle. Då han hadde røkta dette, fór han heim til fosterlandet sitt og gøymde drikken i eit lite kjørel som han hadde med seg. No er sveinen fegen og glad.

Då han var heimkomen, dvalde han ei lita stund i fylket sitt, så fór han til kongen og bad han straks om dotter hans. Kongen nekta han ikkje dotter si, men likevel let han at det ville vere stor dårskap og uråd for sveinen.

Ein dag let kongen stemne til seg venene sine for skuld dotter si og sveinen, som vil freiste å bere henne opp på fjellet. Då samlast det mykje folk som ville sjå denne hendinga. Då stemnedagen kom, var sveinen der fyrst av alle og gløymde ikkje drikken sin. På engene ved Seineborga samlast då den store folkefjølden. Kongen let dotter si kome dit, og ho hadde ikkje andre klede på enn ein serk.

Sveinen tok henne i armane og gav drikken til henne, for han visste ho ville ikkje svike han. Men det skulle ikkje hjelpe han, for det var inga varsemd med han. Han sprang med henne snøggast han kunne, og då han var komen midt oppi fjellet, då gløymde han drikken sin, slik fagnad fekk han av møya.

Då møya kjende han trøtna, sa ho: «Kjæraste,» sa ho, «drikk drikken din, for eg kjenner du trøtnar, drikk og ny opp att styrken din!»

Då svara han: «Eg har rikeleg med styrke, kjæraste. Ikkje mødest hjarta, og derfor vil eg slett ikkje kvile meg.»

Då han hadde greidd to tredelar av fjellet, fall han

*Seineborga:* I den franske teksta står berre *davers Seigne* (attmed Seine).

mest ned i uvit. Møya bad han med mange bøner: «Kjæraste,» bad ho, «drikk lækjedrikken din!»

Men han ville ikkje høyre på orda hennar eller tru på orda hennar. Han fór ei storferd med henne, og han kom seg opp på fjellet med henne med stor liding. Der fall han ned og stod aldri opp att, hjarta hans rann heilt or han, og der låg han såleis sprengd.

4. Då møya såg kjærasten sin slik, tenkte ho at han låg i uvit, og ho sette seg på kne attmed han og ville gje han drikken å drikke. Han kunne slett ikkje mæle, men han døydde på denne måten som no er sagt. Ho klaga då over døden hans med høge rop og kasta straks frå seg kjørelet som drikken var i, og drikken rann ut og dreivst vide kring fjellet, så heile det fylket bøttest av det, såleis at det fanst mangt godt lækjegras der sia, som mange folk vart lækte av, som drakk den drikken.

No er det å seie dykk om møya som var så vitug og høvisk og fager, at ho fall ned der og døydde av sorg attmed kjærasten sin.

Men då dei som bia på dei, ikkje såg dei kome ned att, gjekk dei opp etter dei og fann dei båe to døde. Då fall kongen ned og låg lenge i uvit og fekk slik stor sorg at det snautt blikta liv i han. Og alt folket som der var samla, sørgde mykje over døden deira. I tre dagar heldt dei lika deira ovan jorda. Då vart det gjort ei steinkiste til dei, og båe vart lagde i henne. Og alle sa at dei skulle gravleggjast der på fjellet. Og då det var gjort, for alle bort. Av denne hendinga med barna vart fjellet jamleg kalla Fjellet åt dei to elskande.

Men bretar gjorde sia om denne hendinga den strengleiken som dei kallar Songen om to elskande.



Frå

# STRENGLEIKAR

ELLER

SONGBOK

Omsett frå gammalnorsk

av

*HENRIK RYTTER*

Revidert og med ei innleiing

av

*KJELL VENÅS*

DET NORSKE SAMLAGET

OSLO 1962